

Forskrift om freding av Vingen kulturminneområde etter § 19 i kulturminnelova, av 2.11.2001

Frå Riksantikvaren sitt brev av 2.11.2001:

«Føremål med fredinga

Føremålet med områdefredinga er å sikre helleristningar og andre automatisk freda kulturminne som del av det landskapsrommet dei ligg i, som kjelde for oppleving og som vitskapleg kjeldemateriale i framtida.

Fredingsføresegner

Fredingsføresegnene er fastsett med heimel i kml § 19. Føresegnene gjeld i tillegg til kml sine reglar om automatisk freda kulturminne og forskrift om fagleg ansvarsdeling m.v. etter kulturminnelova, sist endra 17.01.2001.

I

Områdefredinga utelukkar annan bruk av området enn den som følgjer av desse føresegnene.

II

Innanfor det freda området må det ikkje setjast i verk tiltak eller verksemd som kan endre området sin karakter eller på anna måte motvirke føremålet med fredinga. Dette gjeld alle former for utbygging eller inngrep som anlegg, kai, veg, hus, hytter eller andre landskapsinngrep. Opplistinga er ikkje uttømmende.

Dette gjeld med følgjande unntak:

1. Grunneigar og andre som har eigeendom eller særskilde bruksrettar i området kan bruke området som før
2. Naudsynt vedlikehald av eksisterande bygningar og anlegg i området er tillete.
3. Dokumentasjon, konservering og vitskapleg arbeid med helleristningane og andre kulturminne i området kan utførast av rette vedkommande kulturminnestyresmakt.
4. Fredinga er ikkje til hinder for skjøtsel og beiting som leier til å halda kulturlandskapet i stand, føresett at det ikkje endre området sin karakter eller har negative konsekvensar for dei automatisk freda kulturminna.
5. Forvaltningsstyresmakta, eller den ho gjev fullmakt, kan utarbeide skjøtelsplan og setta i verk skjøtsel for å oppfylle føremålet med fredinga.

III

llandstiging frå båt, fortøyning ved kaia og ferdslø i området er ikkje tillate.

Unntak gjeld ferdslø i samband med ambulansø, brannvern, politi, oppsyn, forvaltning, skjøtsel og etter særskilt dispensasjon. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til turisme/ferdslø i område definert som publikumsområde med ferdsløkorridor vist i utarbeidd forvaltningsplan. Det kan setjast vilkår for løyvet.»